

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF
STAD: Victoria Hotel, Stavanger
MØTETIDSPUNKT: 06.09.2023, KL. 1230 – 1600

Styremøtet var ope for publikum og presse

I forkant av styremøtet var det fellesmøte med styret i Helse Stavanger HF med følgjande tema:

- Nye SUS Økonomisk situasjon byggetrinn 1 og 2
- Desentral blodprøvetaking ved SUS
- Vestlandslegen

Samt temasak om vareforsyning og beredskap

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Anne Karin Hamre	Medlem
Oddvar Kaarbøe	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Tord Anton Haaland	Medlem
Linda Karin Gangstøe	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Heidi Susanne Sundal Sevel	Varamedlem
Atle Lunde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerande direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi
Erik M. Hansen, e-helse direktør
Bjørn Egil Vikse, fagdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Torunn Nilsen, styresekretær

Sak 075/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styret vurderte eigen habilitet i høve til saker på dagsorden.

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Sak 07923 Regional tiltaksplan til regional utviklingsplan
- Sak 08323 Årleg fagspesifikk rapport om talet på egne lærlingar og fagarbeidarar i helseføretaka
- Tidsplan for styremøtet
- Vedlegg 1 086/23 Tabellar sikkerheitspsykiatri

Forfall:

Geir Arne Sunde hadde meldt forfall til møtet. Heidi Susanne Sundal Sevel møtte som vara.

Saker til eventuelt:

Program for styreseminaret 4. – 5. oktober (ICB)

Anskaffing rehabilitering (OJH) Denne saka blei styret orienterte om under AD si orientering.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 076/23 Godkjenning av protokoll frå styremøte i

Helse Vest RHF 14.06.23.

Oppsummering

Styret hadde følgjande korrigeringar til protokollen:

Tillegg til sak 054/23: *Styret vurderte eigen habilitet i høve til saker på dagsorden.*

Endring i vedtaket i sak 063/23: Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten *med revisjonsutvalet sine supplerande tilrådingar*, og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltaka som føretaket sett i verk.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 14.06.2023, med dei endringane som blei gjort i møtet.

Sak 077/23 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret peika på at dei to planane under arbeid:

Ny forskingsstrategi for Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon og Strategi og handlingsplan for digitale helsetenester, bør sjåast i samanheng.

5. Status beredskap

Beredskapseininga på RHF-et er styrka med 2 nye medarbeidarar – eit nytt årsverk og eit årsverk er flytta frå anna avdeling.

6. Statens eigarrapport 2022

Statens eigarrapport omhandlar staten sitt eigarskap i 69 selskap. Rapporten inneheld informasjon om omfang og hovudtal om selskap der staten har direkte eigardel. Den gir også informasjon om statens eigarutøving og viktige forventningsområde for staten som eigar.

For dei sektorpolitiske selskapa som primært ikkje opererer i konkurranse med andre, er statens mål som eigar å oppnå sektorpolitiske mål på ein berekraftig og mest mogleg effektiv måte.

Helse Vest RHF er omtalt på side 104 i rapporten. Av viktige hendingar i 2022 er nemnd prioritering av psykisk helsevern og framdrift i byggeprosjekta i regionen. I tillegg er det opplysingar om Helse Vest RHF i avsnittet om rapportering frå selskapa (side 45 – 57) og i vedlegga (side 136 – 165) som blant anna inneheld opplysingar om måloppnåing, godtgjersle og kjønnsbalanse.

7. Anskaffing rehabilitering

Styret blei orienterte om situasjonen knytt til anskaffinga og moglege konsekvensar.

Styret ønskja ein oppdatert status i styremøtet i oktober.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 078/23 Rapportering frå verksemda per juni og juli 2023

Oppsummering

Målekort Helse Vest - juli		Nasjonale mål	Denne periode		Mål oppnåelse	Hittil i år		Mål oppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	50	54	50		64	50	
	Ventetid - PHV	40	47	40		48	40	
	Ventetid - BUP	35	48	35		55	35	
	Ventetid - TSB	30	30	30		32	30	
Andel kontakter passert planlagt tid			15,2 %			13,9 %		
* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer			63 %			65 %		
Korridorpasienter somatikk			1,2 %			1,4 %		
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret
Somatikk	Døgnoophold		11 627	12 123	-4,1 %	94 898	93 620	1,4 %
	Dagopphold		2 879	2 970	-3,1 %	37 552	37 455	0,3 %
	Poliklinikk		72 676	66 796	8,8 %	819 059	753 795	8,7 %
Psykiatri	Døgnoophold		732	737	-0,7 %	5 631	5 931	-5,1 %
	Dagopphold		88	86	2,3 %	594	522	13,8 %
	Poliklinikk		17 837	18 035	-1,1 %	267 106	279 176	-4,3 %
TSB	Døgnoophold (ekskl. private)		145	99	46,5 %	1 001	817	22,5 %
	Dagopphold		4	2	100,0 %	21	10	110,0 %
	Poliklinikk		5 051	5 125	-1,4 %	47 608	51 165	-7,0 %
Bemannings	Brutto månedsværk		27 629	27 272	1,3 %	26 134	25 608	2,1 %
	Sykefravær	5,5 %	8,2 %	9,4 %		8,1 %	9,1 %	
Økonomi	Resultat		Regnskap -5 485	Budsjett 41 391	Avvik -46 876	Regnskap 53 603	Budsjett 361 222	Avvik -307 619

Ventetidene for juli er prega av sommerferieavviklinga, men på nivå med tidlegare år. Det vil være viktig å følgje dette tett utover hausten.

Samla er det ein auke i aktiviteten for juni og juli samanlikna med same månad i 2019 og 2022. Aktivitet for somatikk er høgare enn same tid i 2022, medan aktiviteten for psykisk helsevern vaksne, psykisk helsevern barn og unge og TSB er aktiviteten lågare for juli 2023 enn juli 2022.

Resultatet pr. juli er vel 307 mill. kroner dårlegare enn budsjett. Hovudavvik ligg først og fremst på løn- og personalkostnader som innleige, overtid og vikarar. I tillegg er det lågare aktivitetsbaserte inntekter samanlikna med budsjett. Det er og negative avvik på til dømes varekostnader, kjøp av helsetenester og energi. Auken i den økonomiske ramma frå RNB var ikkje tilstrekkeleg til å kompensera for løns- og prisveksten i 2022. I tillegg er det utfordringar i interne forhold i helseføretaka, dette er det redegjort grundig for i saka.

Det er tett dialog mellom Helse Vest RHF og føretaka når det gjeld den økonomiske situasjonen. Alle helseføretaka har iverksett ei rekke tiltak, og det er administrerande direktørs oppfatning at det blir arbeidd godt og systematisk med desse.

Hausten 2023 vil den økonomiske situasjonen være tema i alle direktørmøta, slik at ein kan dele informasjon om tiltak og utfordringsbilete framover. Ein vil også forsterka merksemda mot kreftforløpa, som må betrast – og det vil være ei prioritert oppgåve å få til

kompenaserande rapportering slik at føretaka har verktøy til å arbeide systematisk også med dette.

Styret ønskja at rapport til HOD om oppfølging av sjukefråvær, blei lagt ved under skriv og meldingar til neste styremøte.

Styret peika på at endringar i resultatkrav i helseføretaka skal behandlast i styret. Helse Vest har mottatt søknad frå Helse Bergen om endring av resultatkrav. Saka vil bli lagt fram for styret i styremøte i oktober.

Vedtak samrøystes

1. Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2023 til etterretning.
2. Understrekar viktigheita av at HF-a om nødvendig iverksett ytterlegare tiltak.
3. Styret vil behandle endring av resultatkrav frå Helse Bergen i neste møte.

Sak 079/23 Regional tiltaksplan til regional utviklingsplan

Oppsummering

Styret vedtok regionale utviklingsplanen for 2023–2035 i styremøtet 6. desember 2022. Styret bad samtidig om at det blei utarbeidd ein tilhøyrande tiltaksplan. Tiltaksplanen er eit overordna supplement til helseføretaka sine planar og ei rekkje andre regionale initiativ, medrekna regionale planar og program, og er administrerande direktør sitt verktøy for å følgje opp den regionale utviklingsplanen. Det er særleg lagt vekt på å få fram tiltak som er meint å frigjere ressursar til pasientretta verksemd og investeringar, og bidra til best mogleg tenester i regionen sett under eitt.

Behov, rammer og teknologiske moglegheiter endrar seg raskt, og gjer det vanskelegare enn nokon gong å planleggje langt fram i tid. For å sikre høgast mogleg verdi for pasientane og medarbeidarane våre, må vi forvalte ressursane våre på ein smidig måte. Det vil seie at planane våre må ta høgde for endringar, og vi må gjere tilpassingar i løpet av planperioden. Styret i Helse Vest vedtek strategisk retning og prinsipielle og vesentlege endringar i utviklingsplanen, mens administrerande direktør er ansvarleg for det operative planarbeidet. Dette er i tråd med Helse Vest si tilnærming til planarbeid, omtalt som *Neste generasjon plan*. Administrerande direktør er overordna ansvarleg for tiltaksplanen, og har gitt ansvaret for å gjennomføre tiltaka til direktørane for dei respektive fagfelta. Det er lagt opp til årlege rapporteringar til styret, og tertialsvis rapporteringar i leiargruppa. Samtidig vil status og framdrift bli synleggjort på den nettbaserte sida til kvart av tiltaka.

Tiltaksplanen inneheld følgjande tiltak for første del av perioden:

1. Redusere uønskt variasjon og overdiagnostikk

2. Rett kompetanse til rett oppgåve
3. Behalde, utvikle og rekruttere medarbeidarar
4. Redusere klima- og miljøavtrykk
5. Utvikle helsetenesta si rolle i totalberedskapen
6. Leggje til rette for god samhandling
7. Vegkart for ikkje-medisinske tenester
8. Etablere sentral løysing for lager og forsyning
9. Greie ut sentral løysing for rekneskap og løn
10. Bruk av kunstig intelligens

Tiltaksplanen inneheld følgjande tiltak for vidare planlegging:

11. Forbetre oppgåvedelinga i og mellom helseføretaka
12. Sikre rett volum og kvalitet på spesialisthelsetenester innanfor psykisk helsevern for barn og unge
13. Behandlingseffekt og helsegevinst i arbeidet med prioritering
14. Auke satsinga på digitale helsetenester
15. Innovasjon gjennom anskaffingar

Styret ønskja å korrigere det første kriterium for prioritering av tiltak og forvaltning av tiltaksporteføljen til: «nytte for pasientar og medarbeidarar»

Styret ønskja å sette ny Helse- og samhandlingsplan på agendaen på styreseminaret i februar 2024.

Vedtak samrøystes

1. Styret i Helse Vest RHF tok regional tiltaksplan til orientering.
2. Styret ber om å bli orientert om framdrift og gjennomføring av tiltaksplanen.

Sak 080/23 Rapport berekraftig utvikling for psykisk helsevern og TSB

Oppsummering

Det har vore behov for å sikre robuste og stabile fagmiljø innan psykisk helsevern og TSB. Det er stor variasjon i antal legar og psykologar for opptaksområda i Helse Vest. Fleire rapportar og analyser som er gjennomført av Helse Vest har vist ein aukande turnover.

I rapporten ekstern turnover blei det satt særleg søkelys på ekstern turnover innan psykisk helsevern og TSB. For å oppretthalde robuste, gode fagmiljø som igjen bidrar til å behalde og utvikle medarbeidarar blei arbeidet med rapporten «Berekraftig utvikling for psykisk helsevern og TSB» starta.

Det har vore god involvering frå fagmiljøa og leiarane for tenestene i helseføretaka. Arbeidet har utfordra og skapt ein dialog om tiltak, moglegheiter og kva som kan bidra til å nå dei overordna måla som er etablert i arbeidet.

Arbeidet har peika på mange tiltak ein kan rå over sjølve, men det er og tiltak som krev endringar i regulatoriske bestemmelser. Nokre av dette har myndigheitene allereie starta på, noko legg vi til grunn vil kome.

Scenarioa er delt inn i:

1. Føreseielege, samanhengande, planlagde og heilskaplege pasientforløp
2. God utnytting av fagleg kunnskap og nye behandlingsmetodar
3. Digitalisering og nye behandlingsverktøy som bidreg til at behandlinga blir lettare tilgjengeleg og gir rom for betre pasienttilpassing
4. Nye arbeidsformer og avklart oppgåvedeling mellom mange yrkesgrupper

Prosjektet har hatt som mål å gi føretaksleiinga, leiarar og medarbeidarar betre innsikt i kva faktorar som kan bidra til å skape berekraftige fagmiljø. Målet er å behalde dei medarbeidarane som allereie arbeider på området, legge til rette for utvikling, få ned turnoveren, rekruttere nye medarbeidarar og sørgje for gode og sterke fagmiljø, også framover.

I rapporten kjem det blant anna fram at medarbeidarar opplever at arbeidsbyrda har auka og at det stadig er mindre tid til å følgje opp kvar enkelt pasient. Det blir også meldt om krav til auka aktivitet for å redusere ventelister med mål om å sørgje for at pasientar raskare får tilgang til utgreiing og behandling, utan at det er tilsvarande tilføring av fagleg kapasitet. Medarbeidarar rapporterer vidare at høgt arbeidspress er den fremste grunnen til at dei forlèt tenestene, eller søker seg til einingar der dei er meir skjerma frå dette presset.

I 2022 var det totalt 1574 spesialistar, og legar og psykologar i spesialisering knytt til PHV og TSB i Helse Vest. Helseføretaka har konstatert at det er utfordrande å behalde og rekruttere tilstrekkeleg spesialistkompetanse for å halde oppe eit behandlingstilbod med gode stabile fagmiljø og god kvalitet. Spesialistane har det overordna faglege ansvaret for utgreiing og behandling av pasientar i helseføretaka, og robuste fagmiljø er ein grunnleggjande føresetnad for gode tenester og pasienttryggleik. Det har vore vedvarande høg ekstern turnover for spesialistar, som ved fleire einingar har utfordra fagleg stabilitet.

For å møte utfordringane og framleis sikre eit tenestetilbod av høg kvalitet er det nødvendig å ta grep på fleire område. Rapporten slår fast at det viktigaste tiltaket på kort sikt vil vere å behalde, utvikle og rekruttere fagleg spesialistkapasitet. I tillegg må helseføretaka gjennomføre fleire kortsiktige målretta tiltak, som prosjektet har identifisert gjennom fem miniprojekt:

- Rekruttere fleire psykologistudentar
- Gi god introduksjon til nye medarbeidarar
- Behalde og utvikle medarbeidarar

- Innføre metodebok.no
- LiS 1 i tredelt turnus

Prosjektet har også foreslått konkrete tiltak som på lang sikt vil bidra til ei berekraftig utvikling av spesialisthelsetenester innan PHV og TSB. Blant desse er betre samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunar og fastlegar, og forenkle koding og registrering og unngå unødvendig rapportering.

Rapporten slår fast at dersom tiltaka som er foreslått for ei langsiktig berekraftig utvikling blir gjennomførte, samtidig som helseføretaka beheld og rekrutterer den tilgjengelege faglege kompetansen, vil føretaksgruppa Helse Vest vere i stand til å dekkje det framtidige behovet for helsetenester innan psykisk helsevern og TSB i regionen.

Vedtak samrøystes

1. Styret tok rapporten til etterretning.
2. Styret legg til grunn at rapporten og kunnskapsgrunnlaget som no er etablert beskriv viktige tiltak som skal bidra til å sikre robuste og stabile fagmiljø innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling på Vestlandet. Rapporten legg eit godt grunnlag for å lukkast med å behalde, utvikle og rekruttere fagleg kapasitet. Opplevinga av å tilhøyre eit godt fagmiljø skal bidra til å nå mange av måla i rapporten.
3. Styret ber administrerande direktør sørge for at rapporten blir følgt opp og at tiltaka blir gjennomført, regionalt i fellesskap for det som kan vere felles, samt at det som blir lokale tiltak blir gjennomført i kvart av føretaka. Styret ber om å bli haldne orientert om framdrifta for arbeidet.
4. Styret ber føretaka legge fram rapporten for sine respektive styre.

Sak 081/23 Tilleggsdokument til oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 13. juni 2023

Oppsummering

Tysdag den 13. juni 2023 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet blei halde som felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka.

I slutten av juni 2023 fekk Helse Vest RHF eit tilleggsdokument til oppdragsdokument 2023 frå Helse- og omsorgsdepartementet, etter Stortinget si behandling av Prop. 118 S (2022–2023), jf. Innst. 490 S (2022–2023).

I føretaksmøtet 13. juni 2023 blei følgande saker behandla:

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Årleg melding 2022, jf. lov om helseføretak § 34, vedtektene §§ 7 og 15

Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2022, jf. lov om helseføretak § 43, vedtektene § 7

Sak 5 Godkjenning av retningslinjer for leiarløn og rapport om løn, jf. vedtektene § 16 a

Sak 6 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseføretak § 44

Sak 7 Endring i driftskredittramma for 2023

Sak 8 Investeringslån og tilskot til protonsenter – endringar i samband med RNB for 2023

Sak 9 Spesialisthelsetenester til militært personell frå utlandet

Sak 10 Donasjon av ambulansar mv. til Ukraina

Sak 11 Bierverv

Styringskrav blir vidareformidla til helseføretaka i tilleggskokument til styringsdokument 2023, som vil bli behandla i styresak 082/23.

Vedtak samrøystes

Styret i Helse Vest RHF tok tilleggskokument til oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF den 13. juni 2023 til etterretning.

Sak 082/23 Tilleggskokument til styringsdokument 2023

Oppsummering

Helse Vest RHF har motteke tilleggskokument til oppdragsdokument 2023 frå Helse- og omsorgsdepartementet, og protokoll frå føretaksmøte 13. juni 2023. Dei nye dokumenta kommer etter Stortinget si behandling av Prop. 118 S (2022–2023), jf. Innst. 490 S (2022–2023). Ein viser til styresak 081/23, som presenterer innhaldet i dokumenta.

I tilleggskokument til styringsdokument 2023 vidareformidlar Helse Vest RHF styringsbodskapet til helseføretaka i Helse Vest (med unntak av Sjukehusapoteka Vest HF).

Av omsyn til tidsfristar har helseføretaka motteke utkast til tilleggskokument, svarande til dokumenta som blir lagt fram i denne saka. Etter styrebehandling vil endelege versjonar av dokumenta bli formidla til helseføretaka i føretaksmøte.

Vedtak samrøystes

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok tilleggskokument til styringsdokument 2023 for Helse Stavanger HF
2. Styret i Helse Vest RHF vedtok tilleggskokument til styringsdokument 2023 for Helse Fonna HF
3. Styret i Helse Vest RHF vedtok tilleggskokument til styringsdokument 2023 for Helse Bergen HF
4. Styret i Helse Vest RHF vedtok tilleggskokument til styringsdokument 2023 for Helse Førde HF

Sak 083/23 Årleg fagspesifikk rapport om talet på eigne lærlingar og fagarbeidarar i helseføretaka

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet har i styringskrav bedt om at *talet på lærlingar i helsefagarbeidarfaget skal aukast samanlikna med 2022*. Denne saka er ein oppsummering av status i føretaksgruppa Helse Vest per august 2023.

Totalt er det 258 lærlingar i føretaksgruppa Helse Vest per august 2023. Det er 36 fleire samanlikna med august 2022. Dei 258 lærlingane er fordelt på 222 *eigne lærlingar* og 37 *samarbeidslærlingar* innan helsefagarbeidarområdet frå kommunane i Helse Bergen og Helse Førde.

Det er stabil tilsetjing av lærlingar. På grunn av startdato læretid, fullført læretid, forlenging av læretid og permisjonar vil tal lærlingar likevel variera og påverkar rapporteringa.

Status 2018 – 2023:

År	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Tal lærlingar	184	182	202	225	222	258

Det har vært 40 % auke i tal ordinære lærlingar samanlikna med 2018.

Helseføretaka samarbeider godt og delar erfaringar. Det er og felles oppfølging av lærlingane i Kompetanseportalen på same måte som for legar i spesialisering som inneber at alle krav til utbytte og krav som blir stilt til opplæringa blir oppfylt. Føretaksgruppa Helse Vest er den einaste regionen som har gjennomført dette.

Vedtak samrøystes

Styret tok saka til orientering.

Sak 084/23 Nasjonal rapport – Forsking og innovasjon til pasientens beste

Oppsummering

Forsking og innovasjon til pasientens beste er RHF-a sin felles rapport med eksempel på korleis forskning og innovasjon medverkar til betre klinisk praksis. Rapporten inneheld også eit kapittel med i hovudsak nasjonale nøkkeltal basert på data frå forskning og innovasjonsaktivitet i helseføretaka i 2022. Rapporten er utarbeida av ei nasjonal arbeidsgruppe under leiing av Helse Vest, og er forankra i RHF-a sitt AD-møte. Arbeidsgruppa har to representantar frå kvart RHF og to brukarrepresentantar. Rapporten vart formelt overlevert til Helse- og omsorgsdepartementet v/statsråd Ingvild Kjerkol 26. mai 2023, der

fire av forskarane bak prosjekt i rapporten fekk høve til å gje ei nærare presentasjon av eige prosjekt.

Styresak om strategi for forskning og innovasjon i Helse Vest, vil bli lagt fram for styret til dialog i november og til beslutning i desember.

Vedtak samrøystes

Styret tok rapporten «Forskning og innovasjon til pasientens beste» til orientering.

Sak 085/23 Overordna plan for sikkerhetspsykiatri og øvrige tiltak for personar med dom til tvungen psykisk helsevern

Saka var felles for alle 4 helseregionar og var difor ikkje på nynorsk.

Oppsummering

I Oppdragsdokument 2022 fra Helse- og omsorgsdepartementet til de regionale helseforetakene er det gitt følgende utredningsoppdrag:

«De regionale helseforetakene skal utarbeide en overordnet plan for sikkerhetspsykiatrien og øvrige tiltak for dømte til tvungen psykisk helsevern, jf. statusrapport om sikkerhetspsykiatri og rapport om utskrivningsklare pasienter i sikkerhetspsykiatrien. Det skal særlig vurderes:

- *behovene for endring i kapasitet, innhold, organisering og sammenheng i tjenestetilbudet*
- *behovet for langvarig forsterkede botilbud i samarbeid med kommunene og om det kan være hensiktsmessig å etablere tverrfaglige ambulante team for å ivareta personer som utgjør en sikkerhetsrisiko*
- *videreutvikling av samarbeidsavtaler med kommunene, styringsdata og retningslinjer, jf. nevnte rapporter fra de regionale helseforetakene*

Helse Sør-Øst RHF skal lede arbeidet.»

I denne saken presenteres hovedpunktene fra overordnet plan for sikkerhetspsykiatri og øvrige tiltak for dømte til tvungen psykisk helsevern. Planen legges frem for styret i Helse Sør-Øst RHF for beslutning og for godkjenning til å oversende planen til Helse- og omsorgsdepartementet når planen er styrebehandlet i alle regionene.

Vedtak samrøystes

- Styret tar overordnet plan for sikkerhetspsykiatri og øvrige tiltak for dømte til tvungen psykisk helsevern til orientering.
- Styret ber administrerende direktør i Helse Sør-Øst RHF oversende planen til Helse -og omsorgsdepartementet når de andre regionene har styrebehandlet saken.
- Styret anbefaler at det gjøres et anslag over kostnader knyttet til behov for personell-ressurser og eventuelle bygningsmessige endringer. Det etableres en interregional

gruppe som vurderer kostnadene. Kostnadsanslaget vil ettersendes til Helse – og omsorgsdepartementet.

Sak 086/90 Drøfting av nasjonal og regional plan, sikkerhetspsykiatri

Oppsummering

Det ligg føre ein nyleg vedteken interregional «Overordnet plan for sikkerhetspsykiatri», og ein «Regional handlingsplan for sikkerhetspsykiatri» frå mars 2021. Den interregionale planen er meir omfattande enn den regionale planen, men retninga på dei tiltaka som er foreslått i begge planar er samanfallande. Tiltak som ikkje er foreslått i regional plan, men i den interregionale planen, er til dels sett i verk og er under planlegging i dei fire lokale helseføretaka.

Styret ber administrasjonen revidere den regionale tiltaksplanen for sikkerhetspsykiatri slik at tiltaka i «Overordna plan for sikkerhetspsykiatri» og i den regionale tiltaksplanen blir samanfallande. Dei lokale helseføretaka må fylgjeleg revidere sine tiltaksplanar inkludert budsjett og tidsplan.

Vedtak samrøystes

Styret ber administrerande direktør revidere den regionale tiltaksplanen for sikkerhetspsykiatri slik at tiltaka er i tråd med tiltaka i «Overordna plan for sikkerhetspsykiatri». Dei lokale helseføretaka må etter dette revidere sine tiltaksplanar samt budsjett og tidsplan for gjennomføring.

Sak 087/23 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Nokre av dei områda Regionalt brukarutval er særleg opptekne av er psykisk helsevern, ventetid, økonomi, personell og berekraft.

Spesialisthelsetenesta har store utfordringar framover og brukarar ønskjer å delta i omstillingsarbeid og prioritering.

Dei fire regionale brukarutvala er inviterte til å gje innspel til oppdragsdokumentet for 2024.

Vedtak samrøystes

Styret tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 088/23 Eventuelt

Program for styreseminaret 4. – 5. oktober (ICB)

Styret slutta seg til følgjande tema på styreseminaret i Helse Vest 5. oktober:

- Eigarstyring, roller og ansvar
- Fastlegane er vår mest viktige samarbeidspartnar - kva og korleis?
- Berekraftig utvikling av psykisk helsevern i Helse Vest, kva kan styra bidra med?
- Økonomi og investeringskraft - kva må til framover?

Skriv og meldingar

Skriv 01 - Referat frå møte i Regionalt brukarutval i Helse Vest 14. juni 2023

Skriv 02 - Innspel til profesjonsmeldinga - 29. juni 2023

Skriv 03 - Høyrings svar frå Helse Vest RHF

Kvinnehelseutvalgets NOU 2023: 5 - Den store forskjellen. Om kvinners helse og betydninga av kjønn for helse - sendt 30. juni 2023

Vedtak samrøystes

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 06.09.2023 Torunn Nilsen

Agnes Landstad	Styreleiar
----------------	------------

Olin Johanne Henden	Nestleiar
---------------------	-----------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Anne Karin Hamre	Medlem
------------------	--------

Oddvar Kaarbøe	Medlem
----------------	--------

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

Tord Anton Haaland	Medlem
--------------------	--------

Wenche Kristin Røkenes	Medlem
------------------------	--------

Sett:

Geir Arne Sunde	Medlem
-----------------	--------

Linda Karin Gangstøe	Medlem
----------------------	--------

Heidi Susanne Sundal Sevel	Varamedlem
----------------------------	------------

